

Saksbehandlar: Birgit Tansøy, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 15/8177-29

Flora kommune - Kommuneplan - Arealdel - 3. gangs off. høyring

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet opprettheld motsegn mot FB 32 hyttefelt på Kvalvikneset i Årebrot og ber om at arealføremålet vert teke ut. Gravrøysa (ID55535) er del av eit samanhengande gravrøyssystem av nasjonal verdi.
2. Fylkesutvalet opprettheld motsegn mot SPB 62 der ei gravrøys (ID25844) ligg delvis inne i SPB arealføremålet. Gravrøysa er del av eit samanhengande gravrøyssystem av nasjonal verdi.

Vedlegg:

1. Referat etter administrativt dialogmøte mellom Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 04.05.2016
2. Referat etter forhandlingsmøte mellom Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune den 14.11.2016 (Del 1), datert 16.11.2016
3. Referat etter forhandlingsmøte mellom Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune den 25.11.2011 (Del 2), datert 28.11.2016
4. Kartvedlegg: Oversikt over FB 32 og SPB 62 (C2).

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Saksframlegget til Fylkesutvalet 30.09.2015.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkeskommunen har fått tilsendt utkast til arealdele i kommuneplan for Flora kommune på 3. gongs høyring.

Framlegg til motsegn gjeld to areal som er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Areal motsegnene gjeld er FB 32 og SPB 62.

Fylkeskommunen har gjennomført dialogmøte den 14.11. og 25.11.16, jf. FU sitt vedtak av 30.09.15. Fylkesordførar Jenny Følling leia forhandlingane på vegne av fylkeskommunen.

Fråsegna frå fylkeskommunen er delt i to, der motsegnene vert lagt fram for handsaming i FU, medan resten av fråsegna kjem i eige administrativ høyringsfråsegn til kommunen.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Flora kommune har lagt ut 3. gongs offentleg høyring av kommuneplanen sin arealdel der det er konflikt med automatisk freda kulturminne på to område. Areala dette gjeld er hyttefelt FB 32 og SPB 62 (tidlegare C2).

I samband med 1. gongs offentleg høyring gjekk FU 30.09.15 til motsegn på 4 punkt. Utvalet føresette at det vart gjennomført forhandlingar for å sjå om det var mogleg å komme fram til ei løysing. Fylkesordføraren vart valt som fylkeskommunen sin representant i forhandlingane.

Vedtaket i FU-sak 91/15 var slik:

Fylkesutvalet viser til tidlegare prosess vedkomande Flora kommune sin arealplan. Slik planen er lagt ut kan ikkje Fylkesutvalet tilrå den. Utvalet føreset at det vert gjennomført forhandlingar for å sjå om det er mogeleg å komme fram til ei løysing.

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot FB 32 hyttefelt på Kvalvikneset i Årebrot og ber om at arealføremålet vert teke ut. Gravrøysa (ID55535) som er eit automatisk freda kulturminne blir direkte råka av planforslaget. Gravrøysa er ein del av eit samanhengande gravrøyssystem av nasjonal verdi.
2. Fylkesutvalet går til motsegn mot C2 campingplass og ber om at arealføremålet vert teke ut. Etablering av campingplassen er med på å bryte opp eit samanhengande gravrøyssystem på Årebrot av nasjonal verdi.
3. Fylkesutvalet går til motsegn mot C1 campingplass i Sandvika på grunn av at nærleiken til det automatisk freda steinbrotet på Stakalleneset. Det er stor fare for at auka aktivitet i området vil råke eit svært sårbart kulturminne frå steinalder av nasjonal verdi.
4. Fylkesutvalet går til motsegn dersom ikkje føresegnene til kommuneplanen knytt til mellomalderkyrkjestadane vert endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader.
5. Som fylkeskommunen sin representant i forhandlingane vert vald: fylkesordføraren

Administrativ dialog

Fylkeskommunen sende FU sitt vedtak over til kommunen 01.10.15 og bad kommunen samstundes ta kontakt i samband med møtetidspunkt for forhandlingar.

Slike forhandlingar vart først gjennomført etter 3. gongs høyring.

Det har likevel vore administrativ dialog mellom kommunen og fylkeskommunen i høyringsperiodane. I samband med 2. gongs offentleg høyring vart det 04.05.16 gjennomført dialogmøte mellom administrasjonen i kommunen og administrasjonen i fylkeskommunen. Ved 2. gongs høyring hadde kommunen gjort endringar som ga fylkeskommunen fagleg grunnlag til å kunne vurdere å trekke motsegnene til C1 og C2 fordi dei var tatt heilt ut av planen. Det var også frå administrasjonen i Flora kommune vilje til å gjere ein reduksjon i arealet SPB 62 (tidlegare C2), og å legge omsynssone på gravrøysa. I tillegg var Riksantikvaren sine merknader til føresegnene til mellomalderkyrkjestadene tekne til følgje.

Då saka kom opp til 3. gongs høyring var FB 32 likevel ikkje tatt ut, men omfanget av areal til hytteutbygging var redusert. Innspela frå dialogmøtet 04.05.16 som gjaldt SPB 62 var ikkje tatt til følgje.

Forhandlingar

Flora kommune tok kontakt med fylkeskommunen, og bad om forhandlingar i samband med 3. gongs høyring, jf. FU sitt vedtak av 30.09.15. Forhandlingane fann stad den 14.11. og 25.11.16. Fylkesordførar Jenny Følling leia forhandlingane på vegne av fylkeskommunen.

I samband med forhandlingane gjorde Flora kommune det klart at dei ville ta utgangspunkt i planforslaget frå 1. gongs høyringa for campingplassen C2 og oppretthalde arealføremålet til camping (pkt. 2 i FU sitt vedtak av 30.09.16), og at det ikkje var vilje til å ta vurdere å ta ut FB 32 frå kommuneplanen sin arealdel (pkt. 1 i FU sitt vedtak av 30.09.16).

For arealet C1 campingplass i Sandvika, var det grunnlag for å trekke motsegna då kommunen har teke dette arealføremålet ut av planen (pkt. 3 i FU sitt vedtak av 30.09.15). Det var under forhandlingane semje om ei mindre justering av omsynsona kring det automatisk freda steinbrotet.

Føresegnene knytt til mellomalderkyrkjestadene var endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader. Grunnlaget for motsegna fell difor bort på dette punktet (pkt. 4 i FU sitt vedtak av 20.09.15).

Fylkeskommunen sitt mynde

Fylkeskommunen har delegert mynde til å sjå til at automatisk freda kulturminne vert forvalta på ein god måte gjennom arealplanlegging. Lov om kulturminne er ei særlov og går føre plan- og bygningslova dersom det er konflikt. Dersom fylkeskommunen vel å ikkje ville fremje motsegnene som ligg føre, kan fagansvarleg for kulturminne vurdere å sende saka uavkorta til Riksantikvaren. Riksantikvaren tar då over heile saka, òg det planfaglege.

3. Vurderingar og konsekvensar

Langs den indre kystleia i Noreg ligg det gravrøysyer frå bronsealder og jernalder av nasjonal verdi som er automatisk freda. Kvar enkelt gravrøys er eitt unikt kulturminne, samstundes som heile rekka med gravrøysyer kan sjåast på som eit samanhengande kulturminne; eit gravfelt. Gravrøysene representerer ein viktig del av kulturhistoria vår. Frå denne delen av historia har vi ikkje skriftleg kjeldemateriale som kan fortelje oss om korleis folk før oss levde.

Gravrøysene vart lagt langs leia fordi dei skulle vere synlege for folk som kom farande forbi og fordi den døde som låg i grava skulle sjå dei reisande. Slike gravrøysyer finn vi langs kysten og inn over i fjordane i fylket, t.d. i Flora, Askvoll og inn i Sognefjorden. Gravrøysene ligg gjerne ute på nes, eller på område med god utsikt. Vi har berre nokre få gravrøysyer att, fordi utbygginga fleire stader har ført til at røysene har måttet vike. Slik sett har kyst- og fjordkommunane eit ekstra ansvar for å ta vare på og forvalte dei gravrøysene som er att.

I Flora kommune er det særskilt konsentrasjonar med slike kystrøysyer på Årebrot. I tillegg ligg det fleire gravrøysyer samla på Hovden, på Nordre Nærøya, på den austlege delen av Reksta og Askrova, ved Steinaneset i Stavang og ved Svortevikja.

Vegetasjonen langs ytterkysten i Flora er open, med mykje berre berg og knausar. Utbygging i slike terreng blir derfor veldig synleg i landskapet. Det er derfor viktig at gravrøysene blir bevart, og at landskapet mellom sjø og røys vert halde ope. Gravrøysene er kulturminne som er lett å formidle fordi dei ligg så synlege i terrenget. Såleis har gravrøysene ein særmerkt opplevings- og kunnskapsverdi.

Gravrøysmiljøet på Årebrot

I arealdelen er det to område på Årebrot der forslag til arealføremål råkar den samanhengande rekka med gravrøysyer: FB 32 hytter og SPB 62.

FB 32

FB 32 ligg på Kvalvikneset i Årebrot. Gravrøysa (ID55535) ligg, på 3. gongs offentleg høyring, ca. 80 meter vest for det planlagde hyttefeltet. Gravrøysa er ein del av eit samanhengande gravrøysssystem som strekk seg vidare sørover og nordover langs kystleia.

SPB 62/C2

SPB 62 vart erstatta av C2 campingplass i samband med 2. gongs høyringa. Det er òg SPB 62 som ligg inne i 3. gongs høyringa.

FU av 30.09.15 gjekk til motsegn mot campingplassen i samband med 1. gongs høyring. Fylkeskommunen fekk dessutan medhald i klagen frå Fylkesmannen om campingplass nettopp i dette området (09.04.14).

For å unngå konflikt med gravrøysa bad fylkeskommunen i samband med dialogmøte 04.05.16 om at grensa for SPB 62 skulle trekkast tilbake for å unngå konflikt med gravrøysa (ID25844) i området. Kommunen skulle òg legge på omsynssone rundt gravrøysa. Dette er ikkje følgt opp i samband med 3. gongs høyringa og vi fryktar at gravrøysa vil bli skjemma, jf. lov om kulturminne § 3, dersom det kjem hus, hytte, næring for tett opp til gravrøysa.

I samband med forhandlingsmøte den 14.11. og 25.11.16 ynskjer kommunen å gå tilbake til 1. gongs høyringa, altså å etablere C2 campingplass for området. Dette kan ikkje fylkesrådmannen akseptere.

Å legge hyttefelt og spreidd hus, hytte, næring i Årebrotområdet slik kommunen legg opp til i 3. gongs høyringsforslag vil øydelegge opplevinga av gravrøysene i området, samstundes som det vil auke presset på å få bygge i nærleiken av dei andre gravrøysene i kommunen. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at samfunnsnyttan av desse tiltaka har større verdi enn bevaring av eit gravrøysmiljø av nasjonal verdi.

Fylkesrådmannen rår til at det vert reist motsegn mot at FB 32 og SPB 62 slik dei ligg føre i planen, og ber om at FB 32 blir tatt ut, og at SPB 62 vert redusert i området ved gravrøysa.

4. Konklusjon

Med utgangspunkt i planframlegget slik det er lagt ut på 3. gongs høyring og dei forhandlingane som er gjennomført, har fylkesrådmannen konkludert som følgjer:

Fylkesrådmannen vurderer arealføremåla FB 32 (tidlegare C2) og SPB 62 til å ikkje vere i samsvar med vern av automatisk freda kulturminne av nasjonal verdi. Fylkesrådmannen rår difor FU til å oppretthalde motsegnene for desse areala.

Fylkesrådmannen finn grunnlag for å trekke motsegna mot campingplass C1 i Sandvika og motsegna til punktet om endring av føresegnene knytt til mellomalderkyrkjestadene.